

Miljøverndepartementet
Pb 8013 Dep

0030 Oslo

Oslo, 26. februar 2007

Handlingsplan for berekraftig bruk, forvaltning og skjøtsel av verneområde

Norges Naturvernforbund støttar i alt vesentleg dei vurderingane og tilrådingane som arbeidsgruppa har levert i rapporten. Vi er glade for at gruppa så tydeleg held fast ved at næringsdrift i verna område må innrette seg etter føremålet med vernet, vernereglane og kunnskapsbaserte omsyn til verneverdiane. Vi vil sterkt understreke forslaga om å auke innsatsen vesentleg på dei felta som gjeld overvaking, opplysning, forvaltning (medrekna skjøtsel der det er aktuelt) og oppsyn i verna område. Berre ved ein vesentleg større innsats på desse felta kan nasjonalparkane og andre verna område bli ein aktiv rikdom for land og folk. Det handlar om kronjuvelane i vår naturkapital. Departementet og regjeringa må straks prioritere denne saka på budsjettet. Summane som gruppa nemner, ser høgst overkommelege ut.

Rapporten har ein opplysende gjennomgang av vern etter naturvernlova, som nå gjeld i overkant av 14 prosent av landarealet. Områdevern er eit resultat av norsk politikk, og i samsvar med internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til. Arbeidsgruppa understrekar av vernereglane står fast, og at sjølve meininga med vern er at verdiane som er verna skal vare.

Gruppa konstaterer at vår forvaltning av mange verna område er for dårleg. Riksrevisjonen fann at i 2004 var verneverdiane i forfall i 31 prosent av dei verna områda, ein oppgang frå 18 prosent i 1995. Dette gjeld areal med kulturskapt verdiar, som forvittrar av manglande skjøtsel, og heng saman med eit markert fall i løyvingane til forvaltning av verna område frå midten av 1980-talet. På dette punktet ligg Noreg langt etter situasjonen i dei fleste andre land som det er gode grunnar til å samanlikne med.

Norges Naturvernforbund meiner mangelanalysen av forvaltning, overvaking og oppsyn i nasjonalparkane og andre verna område gjev eit nøkternt og korrekt bilete av situasjonen. Vi gjev vår fulle støtte til det standpunktet som gruppa omtaler først av sine forslag til tiltak – at skal dei verna områda i større grad vere grunnlag for næringsutvikling, må vi få ei vesentleg betre forvaltning av dei same områda. Det manglar kunnskap om tilstanden og utviklinga av dei økologiske tilstandane. Svaret er meir inventering og overvaking. Berre 5 av 28 nasjonalparkar, og eit fåtal andre verna område, har godkjende og oppdaterte forvaltningsplanar. Oppsynet er mange stader svært mangelfullt. Desse manglane står i

vegen for ei kunnskapsbasert handtering av spørsmåla som meir næringsutvikling reiser: Kva for tiltak og aktivitetar er det mogleg å opne for utan at det går ut over verneverdiane?

Når vi i avisene og andre stader får høyre at folk som vil utnytte nasjonalparkane økonomisk har det vanskelegare i vårt land enn i mange andre, har det si forklaring i at kapasiteten til å ta seg av sakene på ein forsvarleg måte er langt mindre hos oss, og at våre nasjonalparker og andre verneområde i langt større grad enn elles i Europa er relativt uforstyrtra natur der målet med vern er å la naturen gå sin gang med minst mogleg av menneskeleg påverknad. Å samanlikne norske nasjonalparker med franske regionalparker blir mildt sagt misvisande. Den norske naturen som er verna, er langt mindre påverka av menneske frå før, og dei franske regionalparkane er i stor grad oppretta med lokal næringsutvikling, ikkje naturvern, for auget. Dette går fram av rapporten, men kunne kanskje vore meir tydeleg gjennom ei samanliknande oppstilling av realitetane.

Miljøverndepartementet har først og fremst til oppdrag å forvalte natur- og kulturverdiar i dei verna områda på ein forsvarleg måte, og slik at næringsdrivande som vil utnytte desse nasjonalskattane til økonomisk verksemd får klare og korrekte grenser for kva dei kan drive med. Etter vår oppfatning vil slike opplysningar verke konfliktdepande. Vi trur det er viktig at dei interesserte får tydelege opplysningar, og at dei ansvarlege i forvaltninga er lett å komme i kontakt med. Departementet må difor ta på alvor framlegget frå gruppa om å auke budsjetta til overvaking, opplysning, forvaltning og oppsyn i dei verna områda. Dette er truleg det viktigaste departementet kan utrette i denne saka. Større aktivitet i verna område er i mange tilfelle naudsynt for naturen og viktig for oppslutninga om vern. Etter vår oppfatning er det rimeleg at Miljøverndepartementet finansierer skjøtsel i verna område, og gruppa har forslag om korleis dette let seg organisere med å leige lokal arbeidskraft. Utanfor vernegrensene bør det vere endringar i andre og meir generelle tilskotsordningar som tek seg av å oppfylle nasjonale mål om til dømes korleis jordbrukslandskapet skal ta seg ut i framtida.

I punkt 7.3.1 har gruppa syn på bruk av offentlege tilskotsmidlar. Vi støttar det gruppa går inn for, og meiner i tillegg at det er all grunn til å løyse opp dei strenge grensene som gjeld for storparten av midlane over jordbruksoppgjret. Både i og utanfor verna område grov historiske kulturlandskap igjen eller er i forfall av andre grunnar. Årsaka er ikkje vern eller andre restriksjonar, men fallande lønsemd i jordbruksproduksjonen. Å halde jordbrukslandskapet i hevd har stor oppslutning i folket, men ikkje i jordbruksoppgjret - det er for eit minkande tal produsentar av jordbruksvarer. Til andre former for inntektsgjevande bruk av areala har Landbruksdepartementet berre små summar for nokre få av dei særskilt interesserte. Areal- og kulturlandskapstillegget går berre til areal som til ei kvar tid er i bruk, medan kulturlandskapsproblema først og fremst gjer seg gjeldande på areal som har gått ut av drift. Jordbruksoppgjret trekkjer seg meir og meir vekk frå grender og distrikt som taper arbeidsplassar og vitalitet, etter kvart som sentraliseringa av jordbruksproduksjonen går vidare av grunnar som Stortinget ikkje kan eller vil gjere noko med. Dei som har areal eigna til korndyrking, og som driv med det, får statleg støtte til korndyrkinga. Dei som har areal eigna for å selje opplevingar, anten areala er verna eller ikkje, bør kunne oppnå statleg støtte til slik næringsdrift, for den delen som gjeld å halde ved like grunnlaget for opplevingane: eit levande kulturlandskap. Under dagens realøkonomiske vilkår for eit konkurranseutsett jordbruk i ein del av verda som har overskot på mat, er det neppe realistisk å hindre

gjengroing i Geiranger, verdsarvområdet, med eit jordbruk som skal leve av produksjon. Det let seg truleg gjere å kombinere med andre inntekter om eigarane eller brukarane fekk tilskot for nettopp å halde landskapet ope.

Når kommunar og fylkeskommunar gjer sine val om bruken av statlege midlar til næringsstøtte, er det vårt klare inntrykk at mange av dei først og fremst prioriterer større industrielle eller i alle fall tettstadsbaserte planar, utan omsyn til miljøeffektane. Det som går under den kjenslefylde etiketten distriktsarbeidsplassar har oftast adresse i byar og tettstader, berre det er utanfor Oslo, men i liten grad i anemiske bygder mot fjellet, skogane eller kysten. Regelendringar som gruppa er inne på, vil kunne endre dette.

Med helsing

Norges Naturvernforbund

Lars Haltbrekken
leiar

Kopi sendt: Direktoratet for naturforvaltning

Sakshandsamar: Erik Solheim